

Fra: Jens Bjordal <jens.nagell.helge@outlook.com>
Sendt: tirsdag 17. mai 2022 21:57
Til: Postmottak Alver
Emne: VS: Sender e-post: Nabovarsen ROY 001, Revidert situasjonskart D1 26.04.22, Revidert teikning E2.26.04.22, Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 309129
Vedlegg: Nabovarsen ROY 001.jpg; Revidert situasjonskart D1 26.04.22.pdf; Revidert teikning E2.26.04.22.pdf; Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 309129.pdf

Til Alver kommune v/ Einar Aase.

Viser til vedlagde innsending datert 27. april 2022.

Eg tykkjer nå at det er på tide at Alver kommune godkjenner desse tiltaka. Eg kan ikkje sjå at det noko som nå skulle hindra ei godkjenning. Sakshandsaminga tar og alt for lang tid for så enkle tiltak.

Mvh.

Jens bjordal

Ansv. Søkjar.

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Jens Bjordal

Sendt: onsdag 27. april 2022 17:12

Til: Postmottak Alver <post@alver.kommune.no>

Kopi: enar.aase@alver.kommune.no; Ole Nils Husebø <olehusebo@live.no>

Emne: Sender e-post: Nabovarsen ROY 001, Revidert situasjonskart D1 26.04.22, Revidert teikning E2.26.04.22, Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 309129

Til Alver kommune v/ Einar Aase.

Gjeld bygging på gnr. 309 bnr. 129 og bnr. 204 i Alver. Tiltakshavar Ole Nils Husebø.

Viser til dykkar brev, sjå vedlegg, om krav om nye opplysningar. Vedlagd føl kvittering frå nabo vedk. nabovarsling på gnr. 309 bnr. 74 som diverre var utegløymt. Naboen har ingen merknad til tiltaket. Vidare føl justerte teikningar for carport. Teikningane skal nå kunne lesast slik at sakshandsamar kan få svar på spørsmåla som er reist.

Avstand til tilkomstvegen, som går forbi, er 15m frå midt i veg til nærast omsøkt bygg ,som er carporten. Noko dispensasjon frå veglov er såleis ikkje naudsynt. Ein gjer og merksam på at denne strekninga av denne vegen denne vegen er i privat eige, men med kommunalt vedlikehald. Vil samstundes gjera sakshandsamar merksam på at hus og bygg i dette utbyggingsområde er bygd i samsvar med plan der avstanden til denne fellesvegen for dei fleste er mindre enn 15 meter og det har ikkje for nokon vore naudsynt med dispensasjon frå avstandsvilkåra i veglova. Det skulle derfor heller ikkje vera naudsynt med slik dispensasjon her sjølv om avstanden til bygg frå midt i veg var mindre enn 15 meter. Eg reknar nå med at sakshandsamar nå har fått nok opplysningar slik at saka utan ytterligere senkingar kan godkjennast og løyve gjevast.

Mvh.

Jens Bjordal.

Ansv. Søkjar.

Meldingen er klar til å sendes med følgende fil- eller koblingsvedlegg:

Nabovarsen ROY 001

Revidert situasjonskart D1 26.04.22

Revidert teikning E2.26.04.22

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 309129